

Kulturmidlar – Retningslinjer for tilskot til prosjekt og tiltak

Generelt om ordninga

Tilskot vert gitt til prosjekt og tiltak som har føremål innan kulturområdet, med kulturell karakter som har allmenn interesse, og verknad for heile eller ein større del av fylket. Utviklingsperspektivet, der ein ønskjer å undersøke nye tiltak og arbeidsformer og samarbeid, samt å realisere dristige nyskapande kultursatsingar vert vektlagt ved tildeling.

Søknadsfrist 01.03.

Føremål

Målet med tilskotsordninga er å fremje eit aktivt og allsidig kulturliv i fylket.

Kven kan søkje?

Alle som driv med kulturell aktivitet som har allmenn interesse, og med verknad for heile eller ein større del av fylket, kan søke tilskot. Tiltak som viser nye vegar i kulturarbeidet kan også søke.

Kva kan få tilskot?

Prosjekt og tiltak innan kulturfeltet.

Eit prosjekt er ei målretta, tidsavgrensa og unik arbeidsoppgåve.

Det skal ligge føre prosjektplanar med ei tydeleg organisering, ansvar og økonomi.

Eit tiltak er eit enkelståande arrangement eller enkeltaktivitet. Det skal ligge føre finansieringsplan og skildring av arrangementet/aktiviteten.

Krav til søknaden

Det skal søkjast på eige søknadsskjema. For skjema i papirformat, ta kontakt med kulturavdelinga. Det må ligge ved budsjett/finansieringsplan og planar for prosjektet / tiltaket.

Søknadsbehandling

Stønad vert gitt etter konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle innanfor dei til ei kvar tid gjeldande kulturpolitiske satsingsområde.

Søknaden vert handsama av fylkesdirektør for næring og kultur.

Søklarane vert tilskrivne så snart vedtak er gjort.

Fylkeskommunen skal grunngi kvar tildeling med klar forankring i dei fylkeskommunale målsettingane på kulturområdet. Grunngjevinga skal vere tydeleg formulert og tilgjengeleg for alle.

Vilkår

Tilskot vert gitt i ei avgrensa periode, normalt maksimum 3 år.

Løyving vert gitt årleg, og det skal søkjast og rapporterast årleg.

Fylkeskommunen yter ikkje tilskot utover 1/3 av samla kostnad, og tiltaka må vere fullfinansierte.

Det vert lagt vekt på at tiltak som får tilskot har ei kommunal eller lokal forankring.

Tilskot vert gitt til prosjekt og tiltak som er i tråd med dei fylkeskommunale målsettingane innan kulturområdet.

Tilskot skal nyttast det året det er gitt tilsegn for. Tilsegnsbrev inneheld vilkår for tiltaket. Dersom tiltaket vert rimelegare enn føresett, eller dersom tiltaket av ein eller annan grunn får endra økonomiske føresetnader undervegs, kan tilskotet verte avkorta.

Rapport for bruken av midlane må vere innsendt før utbetaling kan skje. Rapporteringsfrist er 1. november.

Ved tilskot på 100 000 kroner eller meir skal det leverast revidert rekneskapsrapport.

Søklar vert oppmoda om å opplyse i skriv og annonser at fylkeskommunen støttar tiltaket.

Det er vidare sett vilkår om at arrangørar som mottok økonomisk støtte aksepterer følgjekortordninga.

Klage

Vedtak kan klagast på etter Forvaltningslova kap. VI.